

**Ettersending av dokument til kommunestyremøtet 30.03.2017**

Politisk sak: Rassikring FV 40 Dalsfjorden

Orienteringssak: Nav - Informasjon til våre samarbeidspartnarar



# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/601

Arkivkode: Q13

---

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Kommunestyret

## RASSIKRING FV 40 DALSFJORDEN

### Tilråding:

#### Rassikring av FV 40 Dalsfjorden

I samband med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt pågåande arbeid med rassikringsplan for fylkesveggar vil Volda kommune minne om behova for rassikring av FV 40 rundt Dalsfjorden.

Møre og Romsdal fylkeskommune er godt kjende med behova:

1. Samferdselsavdelinga og plannemnda i samferdselssaker fekk grundig orientering og gjennomførte synfaring våren 2012.
2. I sak 73-13 Økonomiplan 2014-2017 gjorde fylkestinget slikt samrøystes vedtak:

*I samband med fullfinansiering og fullføring av Røyr-Hellesylt byggetrinn 3 vil det i komande år bli fristilt skredsikringsmidlar til andre prosjekt.*

*Av slike mindre prosjekt jfr vedtak i rassikringsplanen avgrensa til kr 10 mill som kan gjennomførast raskt, vil fylkestinget spesielt påpeike rasutsett strekning FV 40 i Dalsfjorden.*

3. I sak 10/16 Investeringsprogram for fylkesveggar 2017-2023 følgde fylkestinget opp med nytt samrøystes vedtak:

*Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at nødvendig rassikring av fylkesveg 40 Lauvstad-Folkestad kjem med i rassikringsplanen for fylkesveggar i Møre og Romsdal.*

I tillegg vert det synt til innspel frå kommunen m.a;

- møte med Statens Vegvesen og Fylkeskommunen i samband med regionalt samferdselsmøte 28. april 2016 der denne saka vart teken opp i enkeltmøte.
- Møte med regionveg sjefen i Volda 04.01.2017 og ulike pågåande planprosessar

Fylkesvegen er utsett både for snøras og jordras som alt for ofte medfører stenging av vegen og isolering av innbyggjarar og næringsliv. Vi nemner spesielt Marine Harvest sitt store anlegg inst i Dalsfjorden. Volda kommune ber difor om at fylkeskommunen i rassikringsplanen prioriterer FV 40 i samsvar med vedtak i fylkestinget.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Uttale til Møre og Romsdal fylkeskommune  
v/ Fylkesrådmannen og samferdselsavdelinga



## Informasjon til våre samarbeidspartar!

Den digitale tidsalderen har også kome til NAV, og det vert no gjort landsomfattande endringar i samband med dette. Kontakten med NAV vert framover meir digital, og brukarane vil i hovudsak verte rettleia til sjølvbeteningsløyisingar. Dei kan no ordne mykje sjølvve, utan å fysisk møte oss hos NAV-kontoret.

Dei kommunale tenestene (t.d. økonomisk sosialhjelp) er førebels ikkje digitaliserte (er under arbeid), så brukarar som treng slike tenester er mellom dei som framleis må møte oss for å levere søknader.

Det er viktig for oss å presisere at endringa de her vert informerte om, ikkje skal gjere oss meir utilgjengelege for dykk. Heller tvert i mot! Nye digitale løysingar skal gjere oss meir tilgjengelege, men i andre kanalar enn ved fysisk oppmøte. Vi skal framover nytte ressursane våre meir effektivt og i større grad til dei brukarane som treng oss mest. Målet er at NAV skal yte betre tenester og betre service til alle. Dette håper vi også skal kome dykk, som samarbeidspartar, til gode!

Frå 24. april endrar vi opningstidene for drop-in (sjå pressemelding), vi skal framover i størst mogeleg grad ha planlagde samtalar (timeavtalar).

Til orientering har vi i bestilling jobbtelefonar til alle tilsette, når desse er komne vil vi sende ut oversikt over kontaktinfo. og jobbtelefonnummer.

**Vi håpar også de ser gevinsten av dette, og at de i kontakt med dykkar brukarar eller pasientar, oppmodar dei om å fortrinnsvis nytte [nav.no](http://nav.no) eller ringe NAV Kontaktsenter 55 55 33 33.**

Ørsta, 280317

Mvh. Eli Grøtta

NAV-leiar, NAV Ørsta/Volda

e-post: [eli.grotta@nav.no](mailto:eli.grotta@nav.no)

Telefon: 55 55 33 33/ 90 67 55 99

[www.nav.no](http://www.nav.no)

---

**NAV ØRSTA/VOLDA // ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN**

Postadresse: Strandgata 5A // 6150 ØRSTA

Besøksadresse : Strandgata 5A // Ørsta

Tel: 555 53333

[www.nav.no](http://www.nav.no) [nav.kontaktsenter@nav.no](mailto:nav.kontaktsenter@nav.no)

## **Pressemelding frå NAV Ørsta/Volda.**

**NAV tilpassar seg nye digitale tider.** *Frå 3. april gjer NAV-kontora i heile landet endringar i tilbodet for å fa fleire brukarar over på nettbaserte tenester. Dette for å frigjere tid til oppfølging av dei brukarane som treng mest hjelp. Brukarar som etter 3. april kjem til NAV-kontoret med spørsmål om ytingar, utbetalingar og soknader vil i hovudsak verte vist til sjølvbeteningsloysingar på [www.nav.no](http://www.nav.no) og til NAV si telefonteneste 55 55 33 33.*

I tråd med med dette, vil også opningstidene hos NAV Ørsta/Volda verte endra. Dette for å frigjere ressursar og auke innsatsen i hove personar som står lengst unna arbeidsmarknaden.

**Vi skal gjennom denne endringa bruke ressursane våre betre, vi skal auke kvaliteten på tenestene våre og brukarane skal få endå betre svar og service på sine henvendelsar.**

I dag har vi mange gode digitale loysingar og kontaktmogelegheter, som gjer at brukarane kan ordne mykje av det dei treng via nett eller telefon. Digitaliseringa av NAV er eit viktig verkemiddel for å kunne løyse det samfunnsoppdraget NAV har fått. Dei fleste i samfunnet treng ytingar eller bistand frå NAV ein eller fleire gonger i løpet av livet, og NAV sine brukargrupper har ulike behov. Mange av brukarane har god datakunnskap og er van med å finne fram på nett.

Ved å legge til rette for gode digitale loysingar vil våre rettleiarar kunne få betre tid til oppfølging av ungdom, langtidslidige, sjukmelde og dei av våre brukarar som står lengst unna arbeidsmarknaden.

- Sjølv om vi no får kortare opningstider på kontoret, så er det ikkje slik at vi stenger for publikum, snarare tvert imot. Gjennom sjølvbeteningsloysingane kan ein enkelt sitje heime og følge opp si sak når det passar, og gjennom digital dialog med NAV få raske og presise svar på ulike spørsmål. Og det er ope 24 timar i døgnet. Via Nav sine chat-loysingar kan ein få kontakt med spesialistar innan alle fagområde over hele landet.

Nokre vil kanskje trenge starthjelp for å kunne nytte seg av tenestene. Dette kan dei få ved å ringe NAV Kontaktsenter 55 55 33 33, eller ved å kome til NAV-kontoret. Det er då viktig å ta med bank-id.

**Nye opningstider frå 24. april: mandag, tysdag, torsdag og fredag klokka 12.00 – 14.00.**

Mvh. Eli Grotta, NAV-leiar